



Statens vegvesen

Notat

Meland kommune
Postboks 79,
5906 Frekhaug

Saksbehandler/innvalgsnr:
Allan Højmark Jørgensen +47 55516336
Vår dato: 08.06.2015
Vår referanse: Sveisnr.: 2015072600

Søknad om fravik fra areal- og reguleringsplan på Fv. 564 ved Krossnessundbrua.

Statens vegvesen, region vest skal i gang med å bygge gang- og sykkelveg under Krossnessundbrua slik at dei mjuke trafikantane slepp å krysse fylkesveg 564. Vi skal og heve standarden på bussterminalen på Fosse slik at den vert opparbeida med fortau, kryssingspunkt på fv 245 med universell utforming og nytt venteskur.

Utbygginga har fått løyving i 2015 og 2016 frå Hordaland fylkeskommune og er tenkt oppstarta i haust og er planlagt ferdig i 2016.

Vi har overskot på steinmassar frå anlegget på Flatøy og ønskjer å nytta 5-6000 m³ til dette prosjektet. Vi søker derfor og om å få starte utlegging av stein til prosjektet på området aust for bussterminalen. Statens vegvesen har orientert naboar om tiltaket og har fått nokre innspel som vert arbeidd inn i byggeplanen. Det er ønskeleg å orientere Meland kommune om detaljert byggeplan på eit eige møte før utlysing av arbeida og vi skal prøve stille på kort varsel.

Det vil ta nokre år å få utarbeida ny og gjeldande reguleringsplan og Statens vegvesen ser på vår løysing som eit strakstiltak som kan inngå delvis i den permanente trafikkløysinga som vert arbeidd ut på sikt for området.

Arealet som vert ramma av strakstiltaka på Fosse vert avgrensa til områder som tidlegare har vore nytta til riggområder for vegutbygginga, og ligg i stor utstrekning innanfor fylket sin eigedom.

Vi håper at kommunen kan godkjenne dette tiltaket uten at det er regulert i området. Legg ved førebels byggeplan.

Med hilsen
Allan Højmark Jørgensen

Seksjon: Prosjekteringsseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Besøksadresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN
Telefon: +47 55516336 **Mobil:** +47 99228350 **e-post/Lync:** allan.iorgensen@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks: